

## NOTATAR etter brukarmøter

Skrive av ARKI Arkitektar v/Bjørn-Are Vollstad

### Biblioteket

Førde bibliotek er lokalisert i Førdehuset, og har same lokala i dag som i 1976 då Førdehuset opna. Funksjons- og programmessig skal eit bibliotek i dag tilby mykje meir enn på 70-talet. Det er store behov for både å forbetre og utvide arealet til biblioteket på Førdehuset, for å kunne innfri krav og ønskjer for eit moderne bibliotek i 2021. Det er sett av midlar til modernisering av biblioteket i Økonomiplanen 2021-2024.

Biblioteket har fått midlar til fleire utviklingsprosjekt som no går parallelt med mulegheitsstudiet av Førdehuset, ma. vedrørande ombygging av inngangspartiet og betre sjølvbetjeningsfunksjonalitet, og ombyggingar ifm. «meiroke»-konsept (tilkomst, sikring m.m), samt sjå på utvikling av rolle/funksjon som bibliotek i eit fleirbrukshus.

#### *- Nye løysingar for betre besøksoppleving ved Førde bibliotek i Sunnfjord*

Auka sjølvbetjening og frigjort personale som kan bruke tid og merksemd på biblioteksbrukarane og formidling. Minske skranken og innlemme «nærmagasinet» i publikumsarealet. Ønskje om eit mindre informasjonspunkt og meir stabilt sjølvbetjeningsutstyr. Det meste kan ordnast med ein iPad og ein skannar. Med omlegging til meiroke bibliotek (jmf. Økonomiplanen 2021-2024) må ein førebu lånarane på å være sjølvstendige, og då må lokalet og tenestene leggest til rette for dette, slik at det vert ei god oppleving. Også ønskjeleg med nytt areal for ungdom og unge vaksne i biblioteket, i tillegg til studieplassar, møte-/grupperom, aktivitetsrom/folkeverkstad, og auditorium/arrangementsrom.

Auditorium – kan teatersalen være ein aktuell sambruksarena? Eller kan ein løyse eit auditorium ifm. hóltaking i dekket ned til kjellaren? Evt. eit mindre auditorium internt og så nytte teatersalen til større arrangement, sjølv om dette ligg litt lenger unna?

#### *- Styrke samarbeid i historisk bygg med kunnskap, kreativitet og kulturmøter*

Utvikle eit tradisjonelt folkebibliotek til å bli eit moderne hovudbibliotek med fokus på bærekraft og samskaping i ny kommune. Utvikle samarbeidet mellom biblioteket og Førdehuset gjennom tre satsingsområder:

Kunnskap – styrke vår rolle ved å drive folkeopplysing, satse endå meir på føredrag og intervju om aktuelle tema. Arrangementa skal være gratis, men med naturleg kobling mot andre arrangement på huset (film, teater, konsert, utstilling osv.) Legge til rette for korleis dyrke hobby og fritidsinteresser basert på eige initiativ. Få meir kunnskap om og legge til rette for utøving og samskaping i biblioteket for ulike brukargrupper. T.d. kan fagmiljø innan spel og data hjelpe biblioteket med å arrangere turneringar og spelekveldar osv.

Kreativitet – tilby noko meir enn berre perling og lesestund på arrangement som *Familielaurdag* eller *Jul i Førdehuset*. Med eigen folkverkstad kan ein ha faste arrangement, som t.d. *Kreativ laurdag* månadleg. Symaskiner og 3D-printar(ar) er ei investering som vil hjelpe innbyggjarane i å ta bærekraftige val. Det bør opprettast samarbeid med andre kreative miljø, t.d. [www.skaparhus.no](http://www.skaparhus.no).

Kulturmøte – mange som er nye i Noreg og i Sunnfjord, er og nye på biblioteket og i Førdehuset. Det trengs hjelp med praktiske gjeremål og tilrettelegging for språkopplæring. Biblioteket har fleire tenester som er retta mot framandspråklege. Det er behov for mindre møterom der opplæringa kan skje og større møterom som kan romme språkkafé, kulturkveldar osv. De trengs tilrettelegging for at nye innbyggjarar oppsøker biblioteket av andre grunnar enn berre dei reint praktiske. Barn og unge må kunne delta i kulturlivet uavhengig av kulturell og økonomisk bakgrunn. **Biblioteket kan utvide samarbeidet med Førdefestivalen, og kan gjennom dialog med Idretten avdekke om der er felles utfordringar i høve inkludering eller finne andre gode måtar å dra fordel av kvarandre på.**

Historiske tilbakeblikk:

*Frå Norsk Kulturråd: innstilling fra Førdeutvalget, 1972:*

«For at husmødre skal kunne utnytte husets tilbud i formiddagstimene, kan det etableres en ordning med barneparkering i bibliotekets barnerom/eventyrrom. Lignende ordninger kjenner man fra svenske og danske, skjønt tilsvarende profesjonelt kan man vel neppe gjøre det i dette tilfellet.»

Vedrørende biblioteket og støyende ungdom - frå *Førdehuset*, 1981, Gro Hegdal m.fl.:

«I tillegg står døren hele tiden åpen ut mot sentralhallen der kafeteriaen ligger og med den akustikken der er, blir det ikke alltid så stille på biblioteket som en kunne ønske. (...) En annen årsak til denne nedgangen, er at en må gå igjennom kafeteriaen for å komme til biblioteket. Ofte sitter det mange ungdommer i kafeteriaen, og det kan virke skremmende på enkelte folk»

-

Beiarn folkebibliotek og Hof bibliotek skal inn i kulturhus/fleirbrukshus – døme på utfordringar?

Tøyen bibliotek – tilpassing til eksisterande bygning – leikent og aktivt.

Stovner bibliotek – lokalisert i kjøpesenter – gjennomgangssone?

-

Biblioteket er ein viktig arena for samtale og debatt, og kan utnyttast betre til ein arena for samfunnsutvikling, og gjerne tettstadutvikling(?).

-

For biblioteket er nærleik viktig grunna knappe personalressursar. Det er ønskjeleg at funksjonar ligg tett på kvarandre. T.d. vurderer ein at Eventyrrommet per i dag ligg litt for langt unna til at det vert mykje brukt. «Lesetog» er eit tiltak som biblioteket har brukt for å «transportere» barn frå A til B.

-

Kontorbehov: 7 arb.plassar – 3 av desse må ha plass til boktraller og noko veggplass, og kan samlokaliseras. Ikkje behov for å ha desse areala på hovudplan i tilknytning til publikumsarealet, men bør være lett tilgang til heis ift. transport av boktraller.

-

Det er ønskjeleg å integrere bokmagasinet i publikumsarealet, og gjere dette tilgjengeleg. I dag er det dårleg ventilasjon og utfordring med varme, i tillegg til manglande dagslys.

Svelgen bibliotek vert oppgitt som døme på bibliotek som har nytta kjellarlokale aktivt.

-  
Smittevern er eit tema som må takast på alvor framover, ift. korleis ein organiserar biblioteket. Pandemiar kjem vi til å oppleve igjen. Tilgang på vatn og gjerne utplasserte stasjonar for handvask.

-  
Biblioteket kan være ein aktuell funksjon å «trekke ut i det øvrige publikumsarealet i Førdehuset, men det må sjåast nøye i samanheng med ønsket om meirope, og dei behova som oppstår ifm. å sikre biblioteket mot resten av huset, når publikum skal ha tilgang utover ordinær opningstid.

-  
Biblioteket samarbeider i dag med Eining for kultur og ungdom (held til på huset) om utvikling av Førdehuset til eit moderne samfunns-, kultur- og idrettshus. Eininga har driftsansvar for all kulturaktivitet i Førdehuset, samt ungdomstilbodet Skrivarløa.

Biblioteket samarbeider med Førdefesteivalen om Barnas verdsdag, årleg festival og elles aktivitetar gjennom året med fokus på mangfald og folkemusikk.

Biblioteket samarbeider med Eining for idrett og friluftsliv om utvikling av Førdehuset til eit moderne samfunns-, kultur- og idrettshus, og korleis ein kan nå særskilde brukargrupper. Eininga har driftsansvar for all idrettsaktivitet i Førdehuset.

-  
Ønskjeleg med god kontakt mot utomhusarealet i sør, for å aktivere flata som i dag stort sett ligg ubrukt. Ny hovudinngang trengs ifm. meirope – kan muligvis ha fleire inngangar? Og kanskje også ein «terrasseutgang» direkte frå biblioteket for fine dagar då ein kan sitte «å lese på trappa». Også fint ifm. utandørsarrangement.

### **Kino Førde**

Det trengs ein ny, reindyrka kinosal. Ein mellomstor sal med ca. 120-150 seter. Plassering i dagens teatersal vil være gunstig ift. personalet som skal ta i mot billetter og køyre kino. Same person vil då kunne styre fleire salar. Per i dag er det kun Lisjesalen som er ein rein kinosal. Storsalen har mange andre arrangement enn kino også.

Dersom dagens teatersal skal brukast til fleire ting, mellom anna kino, kva for tider er det ønskjeleg å bruke den mest, frå kinoen si side, og korleis samantsett dette med øvrige behov?

Det er ønskjeleg med ein «filmsalong» der ein kan treffe interesserte gjerne både før og etter film, for å samtale/møter. Ein evt. filmklubb vil også kunne ha god nytte av dette, og ikkje minst Sunnfjord kunstlag, som i dag arrangerer «kunst kino».

Reindyrking akustisk for kinodrift vil gi ein tørr/død akustikk som eignar seg best for forsterka musikk, og ikkje godt for akustisk musikk, grovt sett. I kva grad kan dette gjerast til ein fleksibel sal akustisk?

### **Førdefestivalen**

Kontorbehov – 6 faste arbeidsplassar + 2 ekstra – nødvendig med telefonbåsar ved bruk av landskap, og eit mindre møterom, gjern i kombinasjon med felles-/sambruk av større møterom, type 10-15 pl.

med møte-/konferansefasilitetar – om lag slik Sakralrommet fungerer i dag, men trengs ikkje like mykje areal.

Ved frigjerung av arealet som teateret brukar til resepsjon i dag så kan muligvis dette nyttast som ny «kontorinnang» for Førdehuset? Fleire av kontora vil naturleg flyttast «bak» i teaterfløyen, for å utnytte det arealet som vert ståande ledig. Kven som skal være lokalisert kvar må avgjerast på eit seinare tidspunkt.

Førdefestivalen nyttar ein god del av underetasjen mot søraust ifm. den årlege festivalen. I veke 26 og 27 møte- og undervisningsrom i kjellaren nytta som base for dei frivillige, samt til møte og lager (depot, backline, utstyr inn/ut m.m.) Kjøkkenet nede vert nytta til å lage mat til alle dei frivillige.

Kan det la seg gjere å ha same ordninga om biblioteket overtar underetasjen?

## Kultur og ungdom

Førdehuset må fortsatt være «**Storstova**» i Sunnfjord, og det må være faktisk plass til at huset kan fylle den rolla. Slik sett bør ein del lag og organisasjonar som vil inn i Førdehuset, truleg heller få losji i Husstellfagskulen eller i Gamlebanken.

Det er ønskjeleg med ein mellomstor, «**reinspikka**» kino med 150-180 plassar. Trengs truleg anslagsvis 1.5 m<sup>2</sup> areal per sete + maskinrom og gangareal. Ein slik sal vil redusere «presset» på Storsalen som er i bruk kvar einaste dag, så godt som heile året. Det er kino alle dagar bortsett frå måndagar. Mange ønskjer å nytte Storsalen meir, men det er kostbart å avlyse kino på vegne av andre arrangement. Storsalen har i dag ein kinokapasitet på ca. 320 seter – ofte er vel halvparten i bruk. Ein mellomstor sal vil være enklare å «fylle», og ei samlokalisering med Lisjesalen vil gi driftsmessige fordelar for dei som tar imot billettare og styrer filmen. Det er behov for kontor for kino-maskinist – noko som muligvis kunne tenkast å være på galleriet til dagens teatersal, gjerne saman med maskinrom? Mangel på dagslys er ei utfordring, men då arbeidsplassen ikkje er permanent kan det muligvis la seg løyse? Kinodrift behøver ein død/tørr akustikk, noko som gjerne lar seg kombinere med forsterka musikk, konferansar m.m. Det er viktig at teatersalen vert nytta så mykje som mulig. **Fleirbruk/sambruk er ein test på korvidt programmeringa er god.** I dag er den relativt «innadvent» då teateret stort sett nyttar den til øvingar, og ein sjeldan gang forestilling.

Kor mykje kapasitet treng kinoen ift. reellt å kunne tilby sambruk med andre interesserte?

Det er ønskjeleg med ein «**filmsalong**» i tilknytning til kinoen, der ein kan møtes før og etter film, og som ein evt. filmklubb kan nytte, eller i samband med skulekino, kunstkino, seniorkino osv. Kanskje kunne kantina på mesaninen byggast «inn» og nyttast til ein slik salong? Alternativt at ein slik salong ligg bak mot teaterfløyen – men då «bryt ein inn» i «ungdomshuben»?

Det er ønskjeleg å **flytte ungdomsklubben ned på Førdehuset, sammen med danseaktiviteten**, då Løa er for lita for deira aktivitet. Det er 2-300 som dansar, og verkstadsalane til teateret ville fungere. Ungdomskoordinatoren seier at det er ønskjeleg å ha «ungdomsbasen» på Førdehuset, og «jobb» derifrå, spesielt med dei som treng litt ekstra tilbod. Det må finnast ein stad der ungdom kan «henge» utan å bli kasta vekk, og det er ønskjeleg med samarbeid i større grad både med kulturskule og bibliotek, om aktivitetar og anna.

**Forslag om glastak mellom «ungdomshub» og kulturskulen** – slik at ein får nytta uteområdet bak på ein god måte, og uavhengig av været kan være ute. Døme frå Trondheim, Kultursenteret ISAK?

Kor mykje kapasitet krev danseaktiviteten? Kan det kombinerast med korps? For at korps skal kunne nytte salane i teaterfløyen så må det være lager i nærleiken til instrument, noko t.d. Kulturskulen ikkje kan tilby i dag. Per i dag øver korps m.fl. i Musikkrommet på plan 2, med instrumentlager mot Sakralrommet. Både kor og korps m.fl. treng god takhøgde/volum for øve.

### **Kan vareinngangen flyttast noko mot aust for å «frigjere» vrimelearealet utforbi teaterlobbyen?**

I dag står det diverse behaldarar for papirboss. Det trengs vidare muligvis papirpresse grunna mengda papir. Og det trengs betre «rammer» for konteinarene vest for idrettshallen. Forslag om å bygge ein «lagerbygning» mellom rømningsveg frå hallen og trappehus med nedgang til det eldste garderobe-anlegget – fjerne jordvollen og sette opp eit «skur» for konteinarar og litt lager.

Anders Bruland ønskjer aksonometriteikning til «orienteringsteikning» av Førdehuset. Han kan sjå over planteikningar/modell for å vurdere om rominndelinga stemmer. Bruland bør være med på synfaring med RIAku, då han kjenner mykje av problematikken på huset, vedrørende lyd.

Sjakt mellom bibliotek og Storsalen er ei ventilasjonssjakt opp til teknisk rom på taket, med forgreiningar under amfiet i Storsalen. Den er muligvis ikkje lydisolert? Også oppe langs trapp mellom bibliotek og Storsalen, mellom plan 1 og 2 er det truleg ikkje lydisolert? Og så er det visst ein pakning mellom bibliotek og Storsalen, om lag ved heisen som ikkje er tett – direkte opning?

**Plassering av resepsjonen i dag er gunstig ift. oversikt** – resepsjonisten har god kontroll. Alternativ plassering må kunne gi noko tilsvarande, og plassering må avklarast ift. oppgåvene.

### **Ved utviding av sentralhallen mot sør kunne resepsjon og kiosk kanskje ligge ved hovudinngangen?**

Disk/skranke mot vrimelearealet utforbi teateret er i bruk berre 2-3 gangar i året, kunne dette være ein aktuell plass for ein kiosk, eller blir det for langt unna sentralhallen og hovudinngangen?

**Kiosk er ønskt, og gjerne i kombinasjon med resepsjon**, om mulig. Pop-up-kiosk à la det ein har i Sogndal Kulturhus kunne kanskje være aktuelt som modell for Førdehuset?

Er det rom/driftsgrunnlag for ein serveringsstad av eit eller anna slag, som ikkje konkurrerer med kiosken, og som kan være «hjartet» i sentralhallen?

Mulig å opne opp «flaskehalsen» mellom Sentralhallen og det bakre vrimelearealet? Kunne ein auke himlingshøgda noko? Evt. fjerne nokre veggstettar også? Er det ei branndør ved HCWC og bakre kafeteria? Kunne ein tenke heile «flaskehalsen som ein «kiosksrespesjon som ein går gjennom? Trengs garderobefunksjonen i det heile?

## **Idrett og friluftsliv**

Det vart gjennomført synfaring av garderobeanlegget i bakkant av amfiet i vrimelearealet, samt av reinhaldsrom og ventilasjonsrom under amfiet, i tillegg til provisorisk nærlager tillaga i tilknytning til hovudtrappa opp til mesanin og kott/reinhaldslageret under.

Det vart foreløpig konkludert med at den truleg enklaste og mest nærliggande løysinga er å lage til HC-WC og HC-garderobe i den eine (innerste) av dei 4 garderobane. Fjerne badstu – dersom den er der – og lage til 1-2 universelt utforma HC-garderobar med HC-WC. Av dei resterande 3 garderobane nyttast éin til herregarderobe, éin til damegarderobe, og éin til «barneskulegarderobe» utan kjønnsdeling, der ungane skal kunne sette frå seg sko etc. Vidaregåande skule/klassar som nyttar garderobane i bakkant av amfiet i dag vil måtte nytte to garderobar i det eldste anlegget i staden.

HC-WC og HC-garderobe til symjehall vert løyst i samband med detaljprosjekt ifm. utviding i 2024.

## **Synfaring med representant frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

**Utandørs** – rampen er vekkgøymt, og opplevast som ein «annenrangs» tilkomst. Det er manglande rekkverk knytt til hovudtrapp, berre nokre «stubbar» her og der. Ingen kontrastmarkering av trappe-nase, eller kontrastfelt knytt til hovudinngang (kan være nedfelt eller tilstrekkeleg luminanskontrast på dørbled). Vanskeleg å sjå glasmarkørane på fastfelta ved sidan av dei automatiske skyvedørene, lett å «gå seg på» glaset. Generelt for dårleg belysning utandørs.

**Innandørs** – generelt for mørkt, og manglande ledelinjer, gjerne i golv. Men det må ikkje bli «rotete» heller. Sparsom og lite synleg skilting. Vanskeleg t.d. å finne HCWC. Viktig at betjent resepsjon er lett å få auge på når ein ankjem, slik at ein kan få hjelp om det trengs. Enkelte trapper har tilstrekkeleg kontrastmarkering på trappenaser, andre ikkje godt nok. Heisane er vanskelege å finne, dårleg skilta. Kronglete å komme seg til Lisjesalen. Generelt vanskeleg å orientere seg på Førdehuset. Biblioteket har bra lysforhold. Utstillingssalen har vonde lysforhold mhp. blending. Tidvis blending også i kafé-området i Sentralhallen. Slitsom akustikk i det bakre vrimelearealet utforbi teateret.

*Det er ønskeleg å kjenne seg velkomen på Førdehuset, uavhengig av kva for utfordringar ein har.*

## **Synfaring med Rådgjevar Akustikk (RIAku) Bård Størfingsdal + Anders Bruland og Johnny M. Käppi**

**Teatersalen** – geometrien på grunnflata er noko krevande, salen er brei og grunn («stutt-tjuk»). Galleriet fungerer ikkje spesielt godt mhp. teaterframsyning. Det er per i dag ca. 120 plassar i fast amfi + galleriplassane.

Ved omgjerung til eksempelvis kinodrift, ein mellomstor sal til 150-180 personar, så kan ein nytte salen annleis, muligvis gjere den noko smalare og frigjere nærlager/sidematingsrom mot sør. Dette betingar at det er mulig å fjerne galleriet for å kunne auke vinkelen på amfiet, i tillegg til å flytte fremste rad nærare «bakveggen» på det som er scena i dag.

**Det må sjekkast korvidt galleriet har ei viktig statisk rolle ift. stabilisering/avstiving av dei doble teglveggane i sør og nord, og korleis brua i vrimelearealet er innfesta i vestveggen på teatersalen.**

Dersom galleriet ikkje lett lar seg fjerne må ein vurdere å vri amfiet/sitteplassane 90 grader, men dette er ikkje den foretrekte løysinga

Det vurderast å nytte lydstyringsbåsen (NB! Ikkje med i eks. teikningar) til projeksjonsrom – då må tilkomst sjåast nærare på. Det er også behov for kontor til kinomaskinist, i fall dette kan løysast i same området. Høgdebehov for nytt amfi må sjåast ift. nivå på dagens gangbru og evt. nytt kontor.

Akustisk sett treng ein kino eit dødt/tørt rom, og med utgangspunkt i dagens konstruksjon så må det tenkast at ein strippar ned rommet og bygger rom-i-rom, for å få bukt med lydgiennomgang.

Konferansefunksjon, talebasert, evt. noko forsterka musikk, kan passe saman med kinodrift. Både ein evt. ungdomsklubb som ønskjer å sette opp konsert med eit band, og Førdefestivalen vil kunne nytte dette, i tillegg til utleige for konferanse, eller internt, evt. skular, senioruniversitetet osv.

Det skal leggst til at Førdefestivalen og Kulturskulen har meldt inn ønskjer vedrørande bruk av teatersalen som fleksible rom til deira aktivitet. Kultur og ungdom og biblioteket ønskjer klubbscene.

Førdefestivalen ønskjer seg konsertsal/-scene for mindre konsertar, gjerne sambruk med kino, for rundt 200 personar. Gjerne uttrekkbare tribunar så lokalet også kan bli ein svartboks/blackbox. Det kan være mulig å nytte fleksibel akustikk, men dette må akustikar uttale seg om.

Dette må undersøkast i detalj ifm. vidare prosjektering seinare i kva grad fleksibilitet er muleg/tilrådeleg mhp. å kombinere kino, konsertsal, klubbscene og blackbox.

**Vrimleareal-Foaje** – utfordrande akustikk – heile himlingen som ikkje er glas må nyttast som godt absorberande felt. I tillegg må anslagsvis 20-30% av veggflatene nyttast til lydabsorpsjon, med hovudfokus på den sørlege delen, og noko mindre mot nord/amfi/Lisjesalen.

Kanskje kan ein tenke seg sørveggen som ei absorberande grøn «moseblokk» - ca. 50% av vegg-behovet – og så «krydre» med felt og «figurar» med lydabsorpsjon elles i rommet.

For «**flaskehalsen**» frå det bakre vrimlearealet og fram til sentralhallen og hovudinngangen så må det ordnast med ny himling, enten i treverk som no, men med absorberande matter over, eller å opne meir opp, for å «låne» himlingshøgde, og så eksponere diverse teknisk. Alternativt kan treulitt eller tilsvarande i naturfarge være eit godt alternativ til spiler i tre.

Kva funksjonar skal ligge i randsona til «flaskehalsen»? Skal resepsjonen ligge der den ligger no? Skal det være kombinasjon av kiosk og resepsjon? Skal biblioteket involverast i resepsjonsfunksjonen? Kan ein ha ein kiosk / resepsjon som ein går gjennom? Evt. ein resepsjon med pop-up-kiosk?

Korleis sikre flyt og unngå at at det blir «kork» i «flaskehalsen»? ...

Kan det lagast til mindre **nisjer og «lommer»** rundt omkring for folk å opphalde seg og vente i? Kombinasjonar av store og mindre rom er fint for enkeltpersonar og større og mindre grupper, slik at alle kan finne «sine» plassar å «henge».

**Sentralhallen / foajèen er for liten / trong i dag.** Det må gjerast eit skikkeleg grep for å få bukt med dette. Utviding av arealet ved å flytte glasveggen mot sør ut til ytterkant balkong er aktuelt, samt å opne opp til 2. etasje ved å «ofre» nokre kontor på plan 2, t.d. frå trappa mot symjehallen og bort til Utstillingssalen ved biblioteket. Biblioteket kan trekkast lenger inn i Sentralhallen ved å ta i bruk Utstillingssalen, og evt. etablere ein ny inngang direkte til biblioteket utanfrå.

Det kan også være ei løysing og ha to ulike inngangar i glasveggen mot sør i Sentralhallen – der den eine vert verande der hovud-inngangen er i dag, og den andre kjem i tilknytning til Utstillingssal / framtrekt bibliotek. Slik sett kunne ein tenke seg at dette var ein eigen «idrettsinngang» og ein eigen «kulturinngang», utan at det er eit vesentleg poeng i å skille desse to aktivitetane, anna enn for evt. å kunne skape ulike «stemningar» ved ankomst. I praksis vil ein måtte nytte begge, og det er formålet på huset som styrer kvar ein går. Det ville uansett ikkje være aktuelt å lage eit «hardt» skille. Det kunne gi mulighet for underdeling av huset i eit mindre «kulturhus» ved konsert og anna som t.d. har skjenkeløve, mens ein likevel kan ha idrettsfunksjonar og kino parallelt. Det vil også kunne skape «stillare vatn» mellom inngangane, dersom «hovudstraumen» som skal til idrettsdelen, og eigentleg berre passerer, ikkje treng å gå gjennom kafédelen.

**Arrangementsspesifikke sosialiseringar** fungerer ikkje så godt på Førdehuset i dag. Kaféen har ikkje den rette «stemninga» som ein ønskjer seg for eit «utelivsarrangement» – har ikkje den «roen», då det er mykje gjennomtrekk, og rommet ber preg av dette. For mange arrangement er det eit publikumsønskje å ha ei noko meir eksklusiv oppleving, noko meir «avskilt» frå resten av dei «praktiske» aktivitetane på huset. T.d. store idrettsarrangement i kombinasjon med premiefest. Tidvis har det sin sjarme for eit bygdekulturhus at mange ulike ting kan skje samstundes, men der bør også være rom for å kunne «skjerme» nokre aktivitetar litt også, som eit tilpassingstiltak.

Det bør undersøkast i kvar grad ein kan sjå føre seg ein **fleksibilitet i å underdele huset** noko på dagtid og kveld og evt. knytt til arrangement i eine eller andre delen av huset. T.d. kan biblioteket

ønskje å ha eit utandørsarrangement i sommarhalvåret, der ein kunne sjå føre seg å nytte ei kobling meir direkte til biblioteket, for inn-ut-transport, utan å måtte gå via hovudinngangen.

Den tette plasseringa mellom Storsalen, Festsalen, biblioteket og Utstillingssalen, i kombinasjon med kioskkø og resepsjons-/billettkø kjem fort i konflikt med kvarandre, og det blir veldig trengt og uoversiktleg for publikum – og ein ønskjer berre å «komme seg vidare» – det innbyr ikkje til å kome tidleg før forestilling/arrangement eller å bli igjen etterpå.

**Storsalen og Festsalen** er attraktiv for mange aktørar. Ved å flytte ein del av kinoframsyingane til ein ny mellomstor sal i nærleiken av Lisjesalen, så får ein samla aktiviteten der, og får full sal på fleire framsyningar, der Storsalen gjerne berre blir halvfull. Dette vil også senke presset på Storsalen, og fleire vil kunne nytte denne arenaen til arrangement eller øvingar, utan at ein må avlyse kino, då det i utgangspunktet er filmvisning alle dagar bortsett frå måndagar.

Festsalen eignar seg godt for store møter og konferansar, samt for både kor- og korpsøving. Salen ville også bli ein godt brukande sal for akustisk musikk med litt tiltak. Korps øver i dag i Musikkrommet hovudsakleg, men tidvis i Festsalen og på Kulturskulen. Instrumentlager er lokalisert ved Musikkrommet. For at slike øvingar skal fungere best muleg er det viktig med instrumentlageret nære. Musikkrommet er i utgangspunktet for lite i volum, og det er eigentleg også salane som vert frigjort når teateret flyttar ut. Festsalen er det best eigna utgangspunktet. Stollageret til Festsalen har truleg kapasitet til instrumentlagring. Dagens stolar skal byttast ut med ein type som tar mindre plass, og noko av det Sunnfjord kunstlag har av montrar og slikt kunne overta plassen til korpsset mellom Musikk- og Sakralrommet. Sakralrommet og Ateliet på plan 2 kan være aktuelle kandidatar for flytting av funksjonen som Utstillingssalen har i dag.

**Lydgjennomgang er eit problem knytt til fleire av salane på huset.** Mellom Festsalen og Storsalen er dette knytt til lydsmitte via 1.214 Gang, og kan truleg utbetrast ved å byte døra mellom Festsalen og gangen, samt aktivt lukke døra mellom Storsalen og backstage-arealet ved lydprøvar og liknande.

Det skal køyrast ein grovtest med rosa støy og høgt volum for å lokalisere kvar utfordringane ligg, både mellom Festsalen og Storsalen, og mellom Storsalen og biblioteket.

Mellom Storsalen og biblioteket virkar det for å være lekkasje via ei dilatasjonsfuge i akse 16/E+, mellom heis, sluse, Storsal og bibliotek, både på plan 1 og 2. På plan 2 er det i tillegg ei dør som med fordel kan bytast til ei lyddør, mellom 2.211 Trapperom, 2.252 Gang og 2.213 Galleri. I tillegg er det meldt om problem med lydgjennomgang i området aust for ventilasjonssjakt 1.151 på plan 1, og spesielt sjenrande når det er arrangement i biblioteket samtidig som det er kino eller arrangement med mykje lyd, og gjerne djup, kraftig bass, i Storsalen. Eitt aktuelt tiltak kan være påføringsvegg på bibliotekssida av veggen. Kan muligvis være opning gjennom betongvegg der «nålene» til forskalinga har vore – fleire av desse hóla ligg like over himlingen i det aktuelle området, utan at dette er sjekka nærare i detalj. I rommet 1.145 Lokalsamling er det også rapportert om lydgjennomgang – dette kan skuldast for lette veggjar mot bakre del av sceneområdet i Storsalen, men må undersøkast vidare.

**Teaterfløyen skal omprogrammerast**, og gjerast med «utadvent» og aktiv enn den er i dag for publikum. Rom 1.249 Hurtigskift fungerer som varelevering og mellomlagring av papirboss i dag, i tillegg til å være del av produksjonsarealet til arrangement i Teatersalen og i Festsalen ved behov. Dette området vil bli langt meir aktivt for publikum dersom t.d. teaterfløyen vert ein «ungdomshub».

I dag er heile teaterfløyen **ganske lukka i produksjonsperiodane**, og eigentleg aldri tilgjengeleg for publikum, utover via Teatersalen, når det er forestillingar. Ved ombygging av Teatersalen til t.d. kino, og tilgjengeleggjing av «de indre gemakker» i bakkant, så vil det være naturleg å forsøke å aktivere



teaterfløyen både inne og ute på alle sider, slik at det som vert sett på som ei litt diffus B-side av Førdehuset i dag, som samtidig har fått Kulturskulen tett innpå seg, faktisk blir eit meir interessant område å være i. Det er ønskeleg at ein evt. ny «ungdomshub» m.m. får tilgang frå fleire sider, og blir eit **«bankande» hjarte i «bakgården»** - som paradoksalt nok er Kulturskulens forhage.

Det blir naudsynt å sjå på **varelogistikk og renovasjonsløyningar** på nytt, og vurdere om ein kan flytte rundt på nokre funksjonar, evt. samlokalisere og gjerne «bygge inn» kontainarar og tilsvarande. Varetransport med store bilar er også dårleg å kombinere med barn og unge som skal «henge».

Kor mykje varer leverast eigentleg ila. ei veke til Førdehuset? Kor ofte, og til kva tider?

Det er nevnt at kaféen får om lag noko levering kvar dag.

Skal kaféen/catering/kjøkkenfunksjonen fortsette som den gjer i dag, eller kan ein sjå føre seg ein redusert/auka grad av varelevering framover?

**Frigjering av «teaterrespesjonen»** på oppsida mot aust vil kunne gi Førdehuset ein eigen kontor-inngang, evt. «inngang» under Førdefestivalen, slik dei i dag har i underetasjen, med artistservice og frivilligbase m.m. – om ikkje dette berre skal fortsette å være slik det er i dag – det må sjåast i samanheng med utviding av biblioteket m.m.

Generelt frigjer teateret **fleire «inngangar» til Førdehuset på oppsida/baksida**. Dette kan være viktige punkt for å aktivere området mellom Kulturskulen og Førdehuset, slik at dette ikkje berre er ei bakevje, men faktisk eit område/rom som ein ønskjer å bruke. Dei som kjem med buss kan gå rett opp på austsida. Kanskje kunne ein male heile **«golvet» bak Førdehuset** – eit «diskogolv»? Så det blir ei slags utandørs «storstove» / **«byrom» for barn og unge**, med eigen «ungdomshub» og kulturskule m.m. som tilgrensande fasadar. Nokre har sågar nevnt muligheten for halvklimaliserte soner, t.d. glastak eller segl som kan «møblere» plassen for utvida aktivitet også utandørs. Det bør også kome vesentleg meir **utandørsbelysning i området**, og gjerne også noko lys som kan programmerast ift. stemning, enten ved fargejustering eller rytme og anna – gjerne som barn og unge sjølv kan styre.

Kunne ein få til ei sterkare kobling mellom teaterfløyen og «det gamle» Førdehuset, samt mot Kulturskulen? Kan «teaterfoajéen» (rom 1.249) opnast mot 1.249 Hurtigskift, som i dag er tett? Allereie er det ei stor glasflate mot Kulturskulen i nord.

Det er ei **utfordring at 2. etasje i teaterfløyen ikkje har tilgang til heis/løfteplattform**. Ein mulegheit kan være å lage tilkomst over baldakinen utforbi rom 1.249 Hurtigskift, med kobling mellom plan 2 i teaterfløyen og plan 2 i kontor- og garderobefløyen til teateret, i tilknytning til 1.213/2.317 Trappegang og 2.318 Røykerom. Her må det i så fall lagast ei god kobling til heisen (1.190/2.390). Det er ikkje ei ideell løysing, men noko som truleg kunne fungere for å kunne gjere seg nytte av plan 2 i teaterfløyen utan å måtte installere løfteplattform. Det gir muligvis nokre utfordringar med avgrensing ift. t.d. ungdomsklubb/diskotekfunksjon, dersom dette arrangerast på eit tidspunkt når det er lite anna aktivitet på huset.

Eining for Kultur og Ungdom v/**ungdomskoordinator ønskjer å flytte aktiviteten på Løa ned på Førdehuset**, og ha det som base for ungdomsarbeidet, og ein **ungdoms-/fritidsklubb** m.m., som tilhaldsstad og møteplass for barn og unge som enten ventar mellom andre aktivitetar, eller ikkje er med på noko organisert. Det er **2-300 dansarar i Dans Utan Grenser (D.U.G)**, som i dag held til på loftet på Løa. Dersom desse skal gjennomføre sine øvingar i teaterfløyen, i dei salane som der vert tilgjengelege, så må **kapasiteten vurderast** ift. evt. fleirbruksbehov, samt kor egna dei er mhp. areal og volum, ift. størrelsen på dansegruppene. Danseaktiviteten kan evt. ha eigen inngang mot aust, dersom ein ønskjer å unngå jamleg stor trafikk gjennom «teaterfoajéen».

## Sunnfjord Catering

Per i dag er det ikkje kundegrundlag/økonomi i rein kafédrift, derfor er det cateringaktivitet i tillegg.

Utfordring med at kaféområdet vert brukt til «hengeplass» for ungdom, t.d. for å gjere lekser, og som ikkje nødvendigvis er betalende kundar. Ein del flyttar seg etter oppfordring, andre vert sittande. Dagleg leiar av Sunnfjord Catering ser gjerne for seg at kaféen hadde blitt flytta opp i 2. etasje, med tilgang til uteplass, for å frigjere området i foajéen til «hengeområde», venteplass, vrimeleareal. Samtidig er kaféen ein aktivitet det er fint å bli «møte» når ein kjem inn i Førdehuset, spesielt dersom resepsjonen skulle være stengt. Dersom det t.d. skulle være kafé oppe og kiosk nede, så trengs det fleire folk, og det må truleg leggast til rette for nokre kjøkkenfasilitetar oppe også, og truleg ny trapp frå dagens kaféområde. Ein kafé oppe kunne også fungere som kantine for dei som jobbar på huset.

Det kunne være interessant å drive ein kiosk som ein kunne gå inn i, for så å lukke av når den ikkje er betjent. Må være tilstrekkeleg folk til å kunne halde oppsyn med kundar, mhp. t.d. nasking. I dag er det i hovudsak éin person som både er på kjøkkenet og i kassa. Ved kino o.l. er det to i kassa. Ein del henvender seg i kiosken dersom resepsjonen er stengt, mhp. å få informasjon om ting på huset.

I dag har Sunnfjord Catering eit lite kontor i framkant, i forlenging av kasseområdet, noko som er ei litt «råflott» plassering. Dette er av praktiske årsakar, men kan gjerne flyttast ein annan stad som ikkje ligg for langt unna den daglege drifta, t.d. i bakkant ved stollager el.tilsv. Det er også behov for meir lagerplass for kafé og cateringdrifta.

Serveringsområdet i bakre del av vrimelearealet, som i dag er prega av dårleg romakustikk, kunne gjerne vore innreia med litt meir komfortable møblar, sofa, lågare bord osv. for å invitere ungdom til å opphalde seg der i staden for framme i kaféen.

Det skulle også vore fint å ha ein stad der ein kunne opphalde seg / gå inn på tribuna i symjehallen, utan at ein må via garderobeanlegget, og gjerne ein stad der det var naturleg å kunne få seg litt å ete og drikke i samband med arrangement i symjehallen, og idrettshallen, for den del.

Sunnfjord Catering er klar over at der er ønskjer frå diverse aktørar som har større arrangement om å få ha eiga kioskdirift for å spe på egne inntekter.

Forøvrig hadde det vore veldig fint å få tilgang til utandørservering via skyvedører frå kaféen i dag.

## DIGITAL BRUKARUNDERSØKING

Den digitale brukarundersøkinga som vart gjennomført av Sunnfjord kommune vart lagt ut i starten av september og låg ute om lag ein måned, med annonsering på nett via t.d. Facebook og Firda. Det var like i underkant av 100 deltakande brukarar som svarte, der om lag alle er busett i Sunnfjord kommune. Dei deltakande var fordelt i alder slik:

5.5% 10-20 år   41.5% 21-40 år   40% 41-60 år   13% 60+ år

Deltakinga er i utgangspunktet anonym, men dei som svarar kunne velge å legge att kontaktinfo.

Undersøkinga var delt i 2 hovudbolkar:

**Korleis brukar du Førdehuset i dag?** – med spørsmål om kor ofte og på kva måtar ein nyttar Førdehuset i dag, og kor ofte ein nyttar seg av kaféen.

- Kor ofte brukar/besøker du Førdehuset?

Kvar veke: 44.5%    Kvar månad: 28%    Sjeldan: 26.5%    Aldri: 1%

- Kor ofte handlar du kaféen?

Ofte: 15%    Av og til: 55.5%    Sjeldan: 24.5%    Aldri: 5%

**Førdehuset i Framtida** – med følgande følgande tema/spørsmål:

KVALITET / ROLLE

- Kva er dei tre viktigaste kvalitetane/rollene Førdehuset har for deg?

Deltakarane av brukarundersøkinga held fram at Førdehuset er eit viktig samlingspunkt, at det både er eit viktig kulturhus og ein viktig idrettsarena. Symjehall, bibliotek og kino vert trekt fram som vesentlege tilbod. Førdehuset er storstova – ein viktig stad for arrangement. Allsidigheit, fleirbruk og aldersmangfald vert understreka.

- Kva er dei tre største utfordringane med Førdehuset i dag?

Symjehallen og garderobeanlegga, samt generell slitasje, dårlege lysforhold og manglande parkering vert halde fram som dei største utfordringane, i tillegg til dårleg med møteplassar, dårleg akustikk, og elles utprega vedlikehaldsbehov. Felle-/vrimleareal og kafé vert også framheva som for dårleg.

AKTIVITET / ROLLE

- Skriv kort om tre endringar som du ønsker deg i dei aktivitetane/tilboda som er i Førdehuset i dag:

Vedrørande endringar i aktivitetar/tilbod som finn stad i Førdehuset i dag så er det ønsker om betra tilbod ifm. symjehall, bibliotek og kino som vert framheva, i tillegg til ein viss overlapp med utfordringane som er påpeika tidlegare, t.d. betring i garderobefasilitetar, møteplassar, kafétilbod osv. Det er ønsker om auka tal/type aktivitetar for ulike aldersgrupper, og gjerne ifm. bibliotek.

- Skriv kort om inntil tre nye tilbod eller aktivitetar som kan fylle Førdehuset som ikkje alt er der i dag:

Av nye aktivitetar som er ønskt lagt til Førdehuset, så vert badeland, E-sport, ungdomsklubb, ny og betre kafé, squash, folkeverkstad, småbarnsaktivitetar og leikerom, samt fotballhall og utstillingssal utheva. Det er også ønskje om restaurant, spa og seniorsenter. Generelt også lavterskeltilbod.

- Er det noko anna som skal til for at du vil bruke Førdehuset meir enn du gjer i dag?

På «kontroll-/oppsamlingsspørsmålet» til slutt er det badeland, kafé og parkering som utmerkar seg. I badeland ligg nok både ei generell opprusting av symjehallen i tillegg til eit utvida tilbod. Når det gjeld kaféen er det tydeleg at det er både atmosfære og konkret tilbod/meny som er ønskt betra.

Sjå eige dokument: *Ordskyer\_brukarundersøking\_Førdehuset\_261021.pdf*